

SAK 33/20 Distriktsmusikar-stilling, orientering**Saksopplysing**

Prosjektet «Lealaus» er eit regionalt satsingsprosjekt som skal ta vare på folkedans og folkemusikk som kulturarv. Prosjektet er basert på tanken om eit regionalt og fylkeskommunalt ansvar for ivaretaking av kulturarv. Målgruppa er barn og unge, og innhaldsmessig består prosjektet av undervisning og formidling av den akrobatiske sida av folkedansen. Denne sida av scenisk folkedans kan enkelt bli kopla med andre dansestilar og opnar for spennande og nyskapande arbeid.

Det vil bli gjeve nærmere orientering i møte og det er ynskjeleg med ei verbal støtte til tiltaket, som er skissert slik:

«Regionrådet for Hallingdal vil vera med å ta ansvar for å opprette eit tilbod om undervisning i folkesong, -spel og -dans for unge i Hallingdal, i regi av kulturskulen, men og gjennom DKS i skule og barnehage. På den måten blir tilboden breitt nok til å sikre at vår lokale folkedans og -musikk blir kjent for nye generasjonar. Kommunane i Hallingdal vil gå inn i eit samarbeid med fylke og andre relevante samarbeidspartnarar og støttespelarar, for å legge til rette for føreseielege og langsiktige løysingar.»

Ål 26.5.2020

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg
prosjektskisse til Lealaus

Søknad om tilskotsmiddel til prosjektet «Lealaus»

- 1. Innleiing**
- 2. Samandrag**
- 3. Organisasjonsform**
- 4. Programprofil**
- 5. Regional og lokal forankring**
- 6. Marknadsføring**
- 7. Budsjett for tiltaket**



1. Innleiing

Prosjektet «Lealaus» er eit regionalt satsingsprosjekt som skal ta vare på folkedans og folkemusikk som kulturarv. Prosjektet er basert på tanken om eit regionalt og fylkeskommunalt ansvar for ivaretaking av kulturarv. Målgruppa er barn og unge, og innhaldsmessig består prosjektet av undervisning og formidling av den akrobatiske sida av folkedansen. Denne sida av scenisk folkedans kan enkelt bli kopla med andre dansestilar og opnar for spennande og nyskapande arbeid.

Dansetimane er akkompagnerte av musikk framført av lokale folkemusikarar eller tilreisande utøvarar, og gjev ein musikkfagleg-, såvel som dansefagleg kompetanse.

«Lealaus» er òg ein del av eit publikumsutviklingsprogram, der barn og unge får kjennskap til sin eigen kulturarv. Med denne intensjonen i botnen er nettopp totalopplevelinga av dans og musikk fundamentalt for ei heilheitsforståing.

«Lealaus» er eit mobilt prosjekt som enkelt kan bli implementert i kulturskular eller gymtimar regionalt. Det er likevel behov for opplæring av fleire danselærarar for å kunne imøtekome etterspurnaden. Danselærarane blir opplærte innanfor eit gitt pedagogisk opplegg for klassane.

I 2020 testar Sprang ut ein pilot av prosjektet.

Piloten har 3 trinn:

-Regional satsing gjennom Ål Kulturskule i 2020

-Innsalg i Den kulturelle skolesekken i Hallingdal 2021

-Innsalg i Den kulturelle skolesekken i Viken 2022

«Lealaus» er lokalt forankra i Sprang, Landsdelsscene for dans på Ål kulturhus. Den nye nasjonale landsdelsscena er eit nytt, eige tilbygg til eksisterande kulturhus, som stod ferdigstilt i desember 2019. Kulturdepartementet har gjeve dette status som nasjonalt kulturbygg, og tilbygget er fullfinansiert gjennom middel frå stat (post 73, nasjonale kulturbygg), fylkeskommune og kommune.

Kulturmidla det blir søkt på frå fylkeskommunen skal brukast til å vidareutvikle konseptet, opplæring av fleire lærarar til å undervise ut frå ein undervisningsmal, marknadsføring og innsalg av prosjektet til Hallingdal og Viken.

2.Samandrag

Sprang landsdelsscene for dans er eit heilt nytt bygg for dans på Ål i Hallingdal. Kulturdepartementet har gjeve dette status som nasjonalt kulturbygg, og tilbygget er fullfinansiert gjennom middel frå stat (post 73, nasjonale kulturbygg), fylkeskommune og kommune. Fasilitetane er moderne og standaren høg, med det ypparste innan sceneteknikk, lydanlegg og dansegolv tilpassa folkedans.

Sprang skal jobbe nyskapande med dans i grenselina mellom folkedans og samtidsdans, og skal ha ein nasjonal så vel som internasjonal profil. Sprang vil vere eit kompetancesenter innan dans for heile regionen, men med sterkt lokal forankring i historie, lokal kunnskap og røter innan folkedansen. Prosjektet «Lealaus» markerer oppstarten av dette arbeidet.

3.Organisasjonsform

Sprang er oppretta som eit kommunalt føretak, ei avdeling under Ål kommune med eiga drift, budsjett, tilsette og styre. Styret består av styreleiar Elin Høyholm og styremedlemar Solveig Vestenfor, Heidi Haugo og Øystein Velure. Vararepresentantar er Eirik Øen, Petter Rukke og Mari Vaagland.



4. Programprofil

Sprang skal ha ein lokal, nasjonal og internasjonal profil, og skal i hovudsak jobbe nyskapande med dans i grenselina mellom folkedans og samtidsdans. Sprang vil vere eit kompetansesenter innan dans for heile regionen, men skal òg ha ei sterk lokal forankring. «Lealaus» er grunnlaget for publikumsutvikling og kompetanseheving lokalt, og utviklinga av dette prosjektet vil leggje grunnlaget for ekspansjonen både lokalt og regionalt.

Sprang skal vere ein verkstad og ei scene for eksperimentell dans i grenselandet mellom tradisjon, samtid og framtid. Sprang skal ta vare på, og vidareutvikle, folkedans som kulturarv. Målet om nyskaping og profesjonalisering skal bli nådd gjennom både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale samarbeid, medan det gjennom lokale og regionale samarbeid skal bli jobba bevisst og målretta mot rekruttering og publikumsutvikling. Sprang vil bidra til å ta vare på behovet aktørar innan dansefeltet har for gode verkstadfasilitetar og øvingslokale knytt opp mot ei scene å produsere på. Dette er ein stor mangel innan feltet i dag. Fasilitetane i Sprang er moderne og standaren er høg på område innan sceneteknikk, lydanlegg og dansegolv. Sprang skal òg sørge for tilbod om kurator og rettleiing i dei kunstneriske utviklingsprosessane frå A til Å. I dag står feltet stort sett overfor eit tilbod om hjelp til produksjon dei siste 2-3 vekene før premiere. Sprang ynskjer å bistå kunstnarane gjennom heile prosessen frå idé til premiere. Formålet er å auke mengda av nyproduksjonar, profesjonalisere og fremje nyskapande dansekunst.

Sprang skal likevel ikkje berre programmere forestillingar som blir utvikla på huset. Målet er å programmere seks danseforestillingar i året, med nasjonale så vel som internasjonale dansekunstnarar. Forestillingane skal vere forankra i folkedanstradisjonen, men med eit nyskapande og eksperimentelt uttrykk. «Lealaus» vil på sikt bidra til å auke den lokale produksjonen av ny scenisk folkedans.

Å ha eit nettverk av gode samarbeidspartnarar å programmere saman med, vil vere viktig i åra som kjem. Riksscenen i Oslo er døme på ein viktig partnar i høve til både programmering og co-produksjonar. Me ser også at Sprang ikkje berre kan programmere i fellesskap med Riksscenen, men òg fylle behovet Riksscenen har for verkstad og øvingsstad for dei nyskapande dansekunstproduksjonane sine. Dansenett Norge er òg ein viktig samarbeidspartnar, sjølv om mange av forestillingane deira ligg i ytterkant av programprofilen vår. Sprang ser det som si oppgåve å tilføre Dansenett Norge fleire nyskapande og eksperimentelle forestillingar forankra i folkedanstradisjonen. Ved å allereie no leggje fokus på lokal kompetanseheving og utvikling gjennom «Lealaus», vil dette vere eit grunnlag som gjev grobotn for nettopp slike produksjonar framover.

Det finst i dag tre kompani på nasjonalt nivå som driv med nyskapande dansekunst forankra i folkedanstradisjonen; Villniss, Kartellet og Frikar. Sprang vil jobbe aktivt for at desse tre kompania blir satt i fokus og får tilbod om programmering, verkstad, rettleiing og fasilitetar som gjer at dei kan utvikle og produsere. Vidare er det ei rekke enkeltståande kunstnarar innan faget, som bør trekkjast fram og lyftast opp. Ein viktig effekt av samarbeidet med det frie feltet vil òg vera ressursane som blir tiltrekt av produksjon og nyutvikling. Samarbeidet gjev eit eineståande høve for kompetanseheving, lokalt og regionalt, gjennom jamleg å

arrangere kurs og workshops. Ei viktig målsetjing må vera å knytte dette miljøet opp mot «Lealaus» i tida som kjem.

Programmering *Sprang* 2020:

«Noko vil alltid lysa» - Produksjon: Sprang Landsdelsscene. Urpremiere og programmert på scenen i Sprang 29.05.2020

«ISola» - Produksjon: Frikar. Premiere februar 2020. Programmert i Sprang 18.09.2020

«Nokon kjem til å koma» - Produksjon: Riksscenen og Margit Myhr. Premiere mars 2020. Programmert i Sprang 13.11.2020

Femårs perspektiv for programinnhold *Sprang*:

Eit femårs perspektiv for programinnhold *Sprang* :

- Produksjon av profesjonelle danseforestillingar, estimat 4 gonger årleg
- Framsyning av profesjonelle danseforestillingar på scena, estimat 6 gonger årleg
- «Lealaus» knytt til profesjonelle ensemble, estimat 4 gonger årleg
- Workshops og kurs, estimat 4 gonger årleg
- Undervising i folkedans gjennom prosjekt «Lealaus», kvar veke
- Undervisning i samtidsdans, kvar veke
- Undervisning/prøver kulturskule, kvar veke
- Undervisning/anna innhald av frivillige lag og organisasjoner, estimat kvar veke
- Folkemusikkveka, årleg arrangement
- Utarbeiding av plan for mogleg høgskuleutdanning eller forstudium i dans

5. Regional og lokal forankring

Sprang Landsdelsscene for dans er på veg til å bli realisert i eit omfattande samarbeid med aktørar frå heile landet. Sentrale partnarar er Riksscenen, Nasjonalballetten, FRIKAR Dance Company, Ole Bull Akademiet, Martin Myhr, Rådet for folkemusikk og folkedans, med fleire. Prosjekt «Lealaus» er eit lokalt forankra prosjekt som skal ut i regionen.

Sprang Landsdelsscene for dans er eit bygg med finansiering frå lokalt, regionalt og statleg hald, i tillegg til private bidrag:

Statlege middel: kr 13 200 000

Buskerud fylkeskommune: kr 12 000 000

ÅI kommune: 30 000 000

Sparebankstiftelsen DnB: 2 000 000

Olav Thon stiftelsen: 1 000 000

Halgrim Thon: 500 000

Musikkutstyrssordningen: søknadsbeløp 1 603 798 (per 01.03.2019).

Bygget sto klart desember 2019, men Sprang Landsdelsscene for dans har som konsept vore drifta i fleire år gjennom samarbeidsprosjekt og programmering av dans i eksisterande sal på

Ål kulturhus. Prosjekt «Lealaus» starta opp i desember 2019, i tillegg er det gjort ei samarbeidsavtale med Martin Myhr om igangsetjing av ungdomsakademi.

I høyringsutkastet til ny kunst- og kulturstrategi for Buskerud 2019-2022 er Landsdelsscene for dans nemnd under eige punkt:

4.2.3 Landsdelsscene for dans

Buskerud fylkeskommune skal følge opp etableringen av Landsdelsscene for dans i Ål gjennom å støtte det administrative og strategiske arbeidet med landsdelsscenen.

I tillegg underbyggjer fleire delar om kulturarv, publikumsutvikling og musikk innhaldet i prosjekt «Lealaus»:

4.6.2 Kulturarvopplevelser

Kulturarvopplevelser er et program for å styrke utviklingen av opplevelser basert i kultur og kulturarv. Programmet ble første gang gjennomført i 2018 og har vist seg å være vellykket. Det bør arbeides for at Kulturarvopplevelser blir en varig ordning. Ordningen er et godt eksempel på et tiltak som treffer flere planer og strategier i Buskerud fylkeskommune og bidrar til en bredere satsning for god samfunnsutvikling.

7. Publikumsutvikling «Rapporten «Fremtidens kultur i et brukerperspektiv» ble utarbeidet av inFuture...»

Hovedtrenden rapporten viser er at unge i dag beholder de kulturvanene de tillegger seg som ungdom inn i voksenlivet.»

4.1 Musikk Buskerud fylkeskommune skal prioritere økonomisk tilskudd og samhandling med regionale musikkorganisasjoner og regionale ledd av nasjonale paraplyorganisasjoner på musikkfeltet....

Buskerud fylkeskommune skal styrke bevaring og formidling av folkemusikken i Buskerud, blant annet gjennom å støtte Buskerud folkemusikklag som er paraplyorganisasjonen for 16 lokale spel- og dansarlag i hele fylket.

I den nye kulturplanen til Ål kommune – strategisk plan for utvikling av kultur i Ål kommune 2019-2025 (politisk handsaming våren 2019), er Sprang, Landsdelsscene for dans oppført med hovudmålsetjingar:

1) SPRANG skal vere ei nasjonal scene for produksjon og framsyning av dans.

I dette ligg tiltak som å vidareføre prosjektleiarstilling, halde høg kunstnarleg profil, utvikle nye regionale og nasjonale samarbeid, leggje til rette for høgskuleutdanning og tilby konkurransedyktige prisar på leige og pakketilbod.

2) SPRANG skal fremje mangfold, rekruttering og publikumsutvikling.

I dette ligg tiltak som å gjennomføre prosjekt med dans i samhandling med andre kunst- og kulturformer, skape samarbeid og prosjekt mellom profesjonelle aktørar og amatørar både i og utanfor Hallingdal, opprette ungdomsakademi og workshops med fokus på folkedans, folkemusikk og å nytte lokal kompetanse i utviklinga av tilboden, samt tilby framsyningars for barn og unge.

3) SPRANG skal vere ein spydspiss for norsk folkedans og folkemusikk.

I dette ligg tiltak som å arbeide for å oppnå status som regionalt fyrtårn for folkedans, ta

vare på og formidle folkedans som kulturarv og å vise nyskapande produksjonar der tradisjonelle og moderne uttrykk møtast.

6. Marknadsføring

Mål for marknadsføringa:

- Gje betre kjennskap til «Lealaus» og Sprang Landsdelsscene for dans på lokalt og regionalt nivå for å nå barn og unge gjennom utdanningsinstitusjonane og kulturskule.
- Auke forståinga og interessa for dans, med hovudvekt på folkedans

Verdi av marknadsføringa:

- Oppnå status som eit føretrekt innhald i kulturskula og gymtimar med folkedans og musikk som aktivitet
- Auka interessa og forståinga hjå barn og unge for folkedans og musikk

Målgrupper:

- Barn og unge med lokal tilknyting
- Barn og unge med regional tilknyting

Bodskap:

Sprang, Landsdelsscene for dans skal utmerke seg som eit kraftsenter for dans, med hovudvekt på folkedans. Folkedansen skal óg bli smelta inn i andre meir moderne danseuttrykk gjennom å nytte seg av lokal kunnskap og historie. Målet er å ta vare på og vidareutvikle folkedans som kulturarv, og samstundes auke interessa for dans generelt, og folkedans spesielt. Publikum skal få nye estetiske erfaringar utover forventninga og vannte perspektiv. «Lealaus» er med på å byggje opp denne interessa frå eit tidleg tidspunkt, det gjev også grobotn for vidareformidling av denne kulturarven utover det lokale og mot det regionale. Ut av interesse blir skaparkraft vekt, og slik kan ein sikre overleving for denne kunstforma framover.

Kanalar:

Ål kulturhus marknadsfører per i dag alle arrangement og prosjekt gjennom lokalavisa Hallingdølen, eige programblad, samt gjennom heimesider og andre sosiale media. Sprang vil inngå i dei same kanalane, men vil i tillegg bli flagga eksplisitt gjennom kulturhuset sine heimesider.

Kulturskulen på Ål har også eigne heimesider. For å nå barn og unge lokalt og regionalt, vil det bli viktig å samarbeide med dei aktuelle kommunane, kulturskulane og undervisningsinstitusjonane. Den kulturelle skulesekken vil også vere ein viktig samarbeidspartner.

Handlingsplan for marknadsføring:

- Designe eigen logo og grafisk profil
- Utarbeide innhold til aktuelle nettsider
- Utsending av nyheitsbrev med prosjektskildring
- Lage og sende ut materiell til personar og institusjonar i målgruppa
- Konkret plan for bruk av sosiale media
- Konkret plan for PR-arbeid

7.Budsjett for tiltaket – sjå søknadsskjema Allmennkultur

